



Ordføreren sitt hjørna – januar 2015

Eit nytt år er i gang. Det er mange store og viktige saker som kommunestyret skal ta stilling til utover i året. Framtidig barnehage- og skulestruktur er ei slik sak. Kommunestyret handsama i oktober rapporten som prosjektgruppa la fram. Der fekk rådmannen ei bestilling om å legge fram ei grundigare vurdering for dei 3 modellane som kommunestyret ville sjå nærare på. Det gjeld meir konkrete vurderingar for investeringsbehov, driftsmessige konsekvensar, pedagogiske og organisatoriske alternativ og arealbehovet. Dette vil konkretisere alle sider for dei 3 modellane i tillegg til det som alt ligg i rapporten, slik at grunnlaget for eit rett vedtak er best mogleg. Arbeidet er godt i gang, og det er lagt opp til ein politisk arbeidsdag for å få presentert diverse utfordringar, før rådmannen kjem med saksframlegget sitt. Det vert lagt opp til ein open og god prosess framover.

Kommunestruktur eller kommunesamanslåing som mange kallar saka, vil også koma på sakskartet med det fyrste. Kommunestyret må ta stilling til kva slag prosess kommunen vil gjennomføre. Det kan vera alt frå å ikkje gjera nokon ting, til å utgreie forskjellige alternativ for framtidig struktur. Stikkord her kan vera: Hemsedal eigen kommune som i dag, Hemsedal og Gol i saman, heile Hallingdal som framtidig kommune eller heilt andre løysingar. Det er ikkje lagt inn pengar til utgreingar, men det er støtte å få til innbyggjarundersøking dersom me legg opp til det. Mange meiner at ei så viktig sak som ei kommunestrukturændring bør avgjerast ved folkerøysting. Eg er ein av dei. Før me kjem dit er det nødvendig å ha eit faktagrunnlag som me kan legge fram. Dette er ein krevjande jobb, som vil gå utover anna arbeid som administrasjonen må gjera, sjølv om ein set bort arbeidet til andre. Og det er ikkje friske pengar til utgreingar. Kor omfattande dette blir lagt opp til vil kommunestyret ta stilling til i vår. Kommunane er frå departementet oppfordra til å starte ein prosess, omfanget bestemmer me lokalt.

For nokre dagar sidan la vegdirektoratet fram rapporten for val av framtidige vegkorridorar for aust - vest sambandet. Direktoratet føreslår to hovudalternativ, E 134 over Haukeli og RV 7/Rv 52/Rv5 over Hemsedal. Det er positivt for Hemsedal og Hallingdal at ein av hovudvegane går gjennom dalen. Vegstandard og pengar heng saman, og her vil mange nødvendige utbetringar og nye strekkingar bli gjennomført tidlegare. Vegdirektoratet sine vurderingar er klare på kvifor desse to vegane er valt som framtidige hovudvegar aust – vest. E 134 er naturleg val for trafikk til vestlandet frå Bergen og sørover. Den har gode «kost – nytte» berekningar trass i store kostnader grunna eit svært stort trafikkgrunnlag. Det same er tilfelle med Rv 52, som har eit stort trafikkgrunnlag frå Bergen og heile vestlandet nordover til Ålesund. Dei faglege råda frå vegvesen/vegdirektorat er klare, og det er eit godt grunnlag for den politiske prosessen framover med vedtak i regjering og storting. Saka er no ute på høyring fram til 8. mai. Sjølv om dei faglege råda er klare, er det veldig viktig å vera synlege framover og målbera saka ved alle høve. Interesseseselskapet Rv 52 vil få ei viktig rolle, der samspelet med kommunar og næringslivet er avgjerande.

For nokre kveldar sidan var det fakkeltog mot mobbing og for vennskap og respekt. I tillegg til fakkeltog var det appellar, ymse underhalding og eit teaterstykke som elevlar i ungdomskulen hadde sett opp og framførde. Det var ein flott kveld, og det var moro at minst 500 store og små deltok og synte engasjement til denne viktige saka. Vennskap med kvarandre, og i alle fall respekt for kvarandre. Respekt for kven vi er og kva vi står for, og aksept for at me er ulike. Dette vart synleggjort denne kvelden, og det er noko me må arbeide for i alle samanhengar framover. Takk til alle som hadde lagt ned mykje arbeid for å få til dette arrangementet.

Med ynskje om fine dagar utover!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører
(sign.)